



HORDALAND FYLKESKOMMUNE
Postboks 7900


5020 BERGEN

Varsel om oppmålingsforretning

Forretninga gjeld oppmålingsforretning på gnr 47 bnr 129, 183, 212

Tiltakstype (Matr.lova § 6):

Grensejusteringar (kopi av søknadskart er limt inn her)



Oppmålingsforretninga er rekvirert etter matrikkellova § 9 1. ledd bokstav a den 11072017.

Søknad om dispensasjon er godkjend etter delegert myndigheit, sak nr. **D FPL 17/01356-3** den **03082017**.

Rekvirent: Hordaland fylkeskommune

Landmålar for forretninga: Jostein Minde

Telefon: 95262000

Epost: Jostein.Minde@voss.kommune.no

Fylgjande er varsla:

Matrikelnr	Navn	Rolle	Andel
1235-47/129	HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Hjemmelshaver (H)	1/1
1235-47/183	BJØRKE JOHN ERLING	Hjemmelshaver (H)	1/1
1235-47/212	HOLSTAD ANFINN	Hjemmelshaver (H)	1/2
1235-47/212	HOLSTAD KAREN INA RIO	Hjemmelshaver (H)	1/2

..... Forslag til ny grense

==== Areal deles mellom eigendommene

Stadbunden rett i grunnboka Grunnboksblad for gnr 47 bnr 129,183,212 vert framlagt for eigarar ved oppmålingsforretninga

De vert med dette varsla om å møta for å ivareta dykkar interesser og for å påvisa grensene og stadbundne rettar. Eksisterande grensemerke bør leitast fram til oppmålingsforretninga.

Dersom nokon av grensene eller andre rettsforhold som har med stadfesta rettar å gjere er uklare, er det ønskjeleg at ein i samråd med dei andre partane avklarar dette før oppmålingsforretninga.

Sjå side 2 for frammøtetid og stad

Det er ønskjeleg at kopiar av dokument som kan klarleggja tilhøva, vert sende inn til kommunen i god tid før forretninga. Dette gjeld særleg skøyte, festesedlar, skyldskiftedokument, kart, bilde, avtalar, sak for jordskifteretten, skjønnsdokument eller liknande.





Møter de ikkje sjølv, må de gje skriftleg fullmakt til den som møter for dykk. Dette gjeld og om ektefellen møter. Bruk då vedlagde fullmaktsformular.

Person som møter for firma/organisasjonar må ha med gyldig firmaattest og evt. fullmakt frå signaturinnehavar.

De vert med dette oppmoda om å melda frå til landmålar snarast råd om de kjenner til andre som forretninga kan ha verknad for.

De vert beden om å møta: **fredag den 25.08.2017 kl. 0930
ved Gymnasvegen 20.**

Voss kommune vil vera på staden på førehand for å førebu saka.

Vidare saksgang:

- Oppmålingsforretning (*Oppmålingsforretning går ut på å klarleggja og beskriva grenser og rettar til fast eigedom (matrikkeleining) i tråd med partane sine påstandar og framlagde dokument, og bringa fram nødvendig dokumentasjon for registrering i det offisielle registeret over fast eigedom (matrikkelen) og for eventuell tinglysing*)
- Fakturering (*Til Hordaland fylkeskommune*)
- Matrikkelføring (*føra opplysningar i matrikkelen*)
- Evt. tinglysing (*evt. tinglysing av erklæring om rett i fast eigedom/evt. sletting av rettar*)
- Utsending av matrikkelbrev og kopi av protokoll m/kartvedlegg for oppmålingsforretning (*Matrikkelbrev er attestert utskrift av matrikkelen som viser registrerte opplysningar om ei matrikkeleining ved oppgitt dato*)
- Klagerett og frist (*Etter matrikkellova kan oppmålingsforretning påklagast til fylkesmannen. Klagefristen er 3 veker frå matrikkelbrevet er motteke*).

Oppmøte ved oppmålingsforretninga er frivillig, og det kan ikkje krevjast godtgjersle for reiseutgifter, tapt arbeidsforteneste og liknande i samband med gjennomføringa av oppmålingsforretninga.

Treng De fleire opplysningar eller er noko uklårt, høyrer me gjerne frå dykk.

Informasjon om oppmåling: www.voss.kommune.no/tenester/teknisk/oppmaling/

Kommunal side: www.voss.kommune.no

Nettkart for Voss: www.vossakart.no

Informasjon frå grunnboka og matrikkelen for heile landet: www.seeiendom.no

Med helsing
Voss kommune
Oppmåling

Jostein Minde

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur



Fullmakt

A-sak 17/01356

Underteikna, som har grunnboksheimel til matrikkeleining (viss ikkje tinglyst matrikkeleining; aktuell eigar)

Gardsnr.	Bruksnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Adresse, bruksnamn
----------	----------	----------	-------------	--------------------

gjev fullmakt til:

Fullmektig	Namn		Adresse
	Fødselsdato (6 siffer)		
Fullmakta gjeld (kryss av)	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei	Løyve til å møte og representera meg/oss ved oppmålingsforretninga, herunder til å godkjenna oppmåling/merking av ny matrikkeleining på grunnlag av offentlig godkjenning, med løyve til å godkjenna mindre avvik, jfr. matrikkellova § 33.
	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei	Løyve til å signera fråsegn om rett i fast eigedom dersom det er stilt krav om etablering av rettar i vedtak etter plan- og bygningslova.
	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei	Løyve til å rydda opp i rettsforhold som det i samband med forretninga vert avdekket for å rydda opp i. (Oppretting og/eller sletting av rettar).
	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei	Løyve til å inngå forlik, ta bindande standpunkt til grensejustering.
	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei	Løyve til å signera skøyte/erklæring om arealoverføring/pantedokument. NB! Krev vitne-stadfesting på heimelshavar si underskrift.
	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei	Løyve til andre disposisjonar enn nevnt ovanfor. Skildring:

NB! Vær nøyaktig med å krysse av for kva fullmakta gjeld. Det skal gå klart fram av fullmakta kva fullmektig kan gjera på dine vegne. Det skal setjast eitt kryss i kvar linje.

Dersom fullmakt gjeld matrikkeleinig i sameige, må enten samtlige sameigarar signera på fullmakta, eller det må leggjast fram dokumentasjon for at sameiga har vedteke at styret ellerr anna organ eller person kan representera sameiga; jfr. matrikkelforskrifta § 23, første ledd.

Forretninga gjeld:

Gnr. / Bnr. / Fnr. / Snr.	Dato for oppmålingsforretning
47/129,183,212	25082017

Heimelshavar si underskrift (viss ikkje tinglyst matrikkeleining; aktuell eigar)

Stad	Dato	Underskrift	Fødselsnr./Org.nr.
------	------	-------------	--------------------

Vitne-stadfesting på heimelshavar si underskrift (jfr. tinglysningsforskrifta § 3)

(Skal berre fyllast ut dersom det vert gjeve fullmakt til å signera på skøyte / erklæring om arealoverføring / pantedokument)

Vi stadfestar at heimelshavar sin signatur er skriven eller vedkjent i vårt nærvær og at vedkommande over 18 år. (Advokatar og autoriserte eigedomsmeklarar m. fl. kan stadfesta ei underskrift åleine)

Vitneunderskrift 1

Stad	Dato	Underskrift
------	------	-------------

Vitneunderskrift 2

Stad	Dato	Underskrift
------	------	-------------